



## **REFERAT FRÅ FELLES MØTE MED ALLE KOMMUNANE DEN 29.08.17**

### **MØTE PÅ DAMPEN – KNARVIK FRÅ KL 12 – 15.30**

#### **Sak 1**

**Orientering av tilsetting, kven som har fått tilbud om stilling som prosjektleiar og prosjektmedarbeidar.**

Prosjektleiar; Kari Bjørkheim

Prosjektmedarbeidarar 2x 50 %; Anita Lønnebakken Sevild og Gro Løvik

6 kommune prosjektet; Elin Eikemo

3 kommune prosjektet : ikkje avklart

#### **Sak 2**

**Informasjon om at prosjektet vil inngå avtale med Høgskulen på Vestlandet om å ha følgjeforsing til prosjektet.**

#### **Sak 3**

**Gjennomgang av 0 –punkt liste.**

På møte gjekk ein gjennom dei ulike punkta i lista, og eit nytt registrerings skjema for aktivitet og tenester blir sendt ut til alle kommunane.

**Fyrste registreringsdato for 0-punkt liste blir 01.10.2017.**

I tillegg til 0 – punkt liste må kommunane ta i bruk «skugge» rekneskap for å registrere kva som ville ha vore alternativet tenester, viss ein ikkje hadde kunne tilby teknologiske løysningar. Dette for å kunne finne gevinstrealisering i prosjektet.

**Registrering må vere så langt det er mogleg opp mot gjeldande KOSTRA data.**

#### **Sak 4**

Informasjon i høve ressurspersonar i kvar enkelt kommune, og kva rolle desse personane skal ha i prosjektet. Det blir sendt ut forslag til prosjektmandat for ressurspersonane, som kan bidra i vurdering av kven kommunane skal velje ut. Prosjektgruppa vil ha namn på ressurspersonar så fort som mogleg, og i løpet av september. Slik prosjektgruppa vurderer vil det bli møte ca 1 gong pr. mnd for ressurspersonane, som nettverksmøte. For å sikre at det ikkje blir sårbart/ personavhengig vil prosjektgruppa anbefale at kommunane vel ut to ressurspersonar.

#### **Sak 5**

##### **Velferdsteknologiens ABC.**

Per Waardal, informerte om at utviklingssenteret vil sette opp eit program og ettersende dette. Målet er at denne kompetansehevinga startar i løpet av november 2017.

#### **Sak 6**

##### **Vidare aktivitet;**

##### **3. oktober. Seminar for deltakande kommunar saman med PA consulting (innleigde konsulentar frå Helsedir.)**

Informasjon og innkalling, blir sendt ut til kommunalsjefane i kvar kommune. Dei vurderer kven som skal delta frå sin kommune og melder tilbake.

**23 og 24 oktober; Fellesmøte i regi av Helsedir.** Dette møte er for prosjektgruppa.

**7. november;** Konferanse for alle deltakar kommunane. Til denne konferansen er målgruppe politikarar, eldreråd, råd for menneske, levekår, HTV representantar mfl. Eigen invitasjon blir sendt ut.